

Redda i land ved Skorpo

17.09.2010

Ein båt med to ombord fekk ved 20-tida fredag kveld motorstopp utanfor Skorpo, men vart redda i siste liten..

Dei to vart redda av ein kamerat i nærleiken.

**Dei var då kome i smulare farvatn på innsida av øya.
Meldinga om at båten var på rek kom klokka 20.20.**

Kameraten kom ut i båt og fekk fysisk kontakt, opplyser Hovudredningsentralen på Sola.

Fleire var då varsla og på veg til staden då båten fekk slep, mellom andre ferja Jondal, redningsskøyte og eit Sea-King redningshelikopter.

Hovudredningsentralen gjekk ut med melding på radioen til andre båtførarar og bad om hjelp.

Etter ein halv time hadde sentralen kontakt med havaristane som då var i smulare farvatn på innsida av øya.